

Resvoll

Av Knut Raastad, 2017



Resvoll gnr. 69 bnr. 3 ligg i øvre Nordherad mellom Felleseelykkja og Fjellheim.

Hans Hansen Helle 1765-1852 var husmann på Resvoll under Helle. Han var son til Hans Hansen Helle (frå Valde n.) 1721-1780 og Ingeborg Christensdtr. Fellese 1726-1774. Hans 1765-1852 var gift med Kari Johannesdtr. Valde n. 1764-1834. Hans og Kari hadde 8 barn:

Ingebjørg f.ca.1789

Hans 1793-1871, neste brukar

Johannes f.ca.1795, g.m. Gunhild Beithaverløyken (Dovre)

Ole f.ca.1796 d.1882, g.m. Rønnaug Thoresdtr. Myrum n. 1801-1877, i Myrum n.

Erik 1799-1886, g.1828 m. Sigrid Syverdtr. Kviten 1804-1877, på Haugen s. i Skårvangen

Anne 1800-1868, g.1831 m. Ole Olsen Øiseie 1808-1868

Gunhild f.1804, g.m. Gunder Olsen Skjedsvoldhaugen

Ragnhild f.1808, legdslem på Sørem i 1875

Hans Hansen Resvoll 1793-1871 var gift med Ragnhild Hansdotter Svare 1796-1870, dotter til Hans Olsen Svare f.ca.1760 og Torø Jonsdtr. f.ca.1766. Hans og Ragnhild hadde 3 barn:

Hans 1821-1892, neste brukar

Hans d.y. 1824-1908, g.m. Julie Deichman 1831-1902. Kontorist, kopist i Justisdep.

Kari f.1827, ugift. På Øien i 1900.

Hans Hansen Resvoll 1821-1892 vart 1845 gift med Imbiør Olsdotter Austrem 1819-1899, dotter til Ola Olsen Austrem f.ca.1759 og Kari Jakobsdtr. f.ca.1763. Hans og Imbiør hadde 3 barn:

Ragnhild f.1845, til USA i 1872

Hans 1853-1939, neste brukar

Marie f.1862 d.etter 1900, ugift

Hans Hansen Resvoll 1853-1939 var gift med Gunhild Olsdotter Vabakken (Sundeeie) 1862-1946 dotter til Ole Arnesen Kveen f.1835 d.før 1875 og Anne Svendsdotter f.1839. Resvoll vart frådelt frå Helle med skylddeling i 1905 og skjøte tinglyst i 1906. Hans og Gunhild hadde 10 barn:

Hans 1884-1963, neste brukar

Ola 1885-1973, g.m. Anna Olsdtr. Einstulen 1889-1926

Imbiør f.1887, til USA

Anders 1889-1976, g.m. Rønnaug Olsdtr. Sælatungdalen 1906-1990

Ole 1892-1967, g.m. Mari Olsdtr. Storsteinrusten 1891-1978

Ragnhild f.1894, g.m. Simen Iversen Skjellum (Øien) f.1898

Ivar 1896-1979, ugift

Anne 1898-1918, ugift

Henrik 1900-1981, brukar frå 1948

Gunhild 1904-1989, g.m. Sigurd Syversen Grevrusten 1906-1971

Hans Hansen Resvold 1884-1963 overtok etter foreldra med skjøte i 1925, han var ugift. I 1946 overtok broren Anders Hansen Resvold 1889-1976.

Henrik Hansen Resvoll 1900-1981 tok over etter broren Anders i 1948. Henrik var gift med Inger Hansdotter Ulsanden 1899-1996, dotter til Hans Engebretsen Næbbneset f.1875 og Ingeborg Jakopsdtr. Bukkesteen f.1880. Henrik og Inger var tidlegare i nedre Kleiven i Nordheradsalmenninga, barna var:

Harald f.1920, g.m. Astrid Skredemellom f.1928

Hans f.1926, g.m. Petra Jotun f.1928

Gunnar f.1929, neste brukar

Gunnar Resvold f.1929 overtok i 1961, han vart 1950 gift med Ingeborg Huseth, Lesja f.1925, dotter til Matias Huseth f.1884 og Rønnaug Svingen f.1892. Gunnar og Ingeborg hadde 3 barn:

Reidun f.1950, g.m. Svein Selmo, 4 barn Rune f.1971, Geir f.1972, Jan f.1974, Kjell f.1981

Helge f.1952, neste brukar

Grethe f.1956, g.m. Geir Selmo

Helge Resvold f.1952 overtok i 1981.

Da Helge døydde overtok systersonen Jan Selmo f.1974 og ektefelle Cecilie Tronsgård Selmo, overtaking skjedde i 2012.

I 1865 var det på Resvold 2 hestar, 12 kyr, 24 sauer, 6 geit og 2 grisar. Det vart sådd 5 tønner bygg og 4 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Helle, Helleløkken- og Resvoldrekken

Norske Gardsbruk 1953-1997

1881.no

Folketeljing 1865